



Arkivnr: 2014/10280-1

Saksbehandlar: Nils E Grude

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato
Klagenemnda	01.04.2014

Klage på førehandstilsagn med krav om utbetring / stenging av eksisterande avkjørsel

Samandrag

Tor Erik Hellesund søker om førehandstilsegn om endra bruk av gamal avkjørsle frå Rossnesvegen 101 til Fv 409 i Radøy kommune. Vegen frå huset som no er under restaurering/ombygging er ein gamal kjerre-/traktorveg som ligg om lag 1 meter frå eksisterande godkjent avkjørsle for Rossnesvegen 103. Statens vegvesen avslår søknaden til utvida bruk av avkjørsle. Men godkjenner avkjørsle til bruk for ein hyttenabo som sidan 1965 har skjote på parkering ved Rossnesvegen 101, under føresetnad av at avkjørsle oppfyller visse kriterier.

Seinare søker Hellesund om mellombels omlegging/stenging av avkjørsel frå Rossnesvegen 101, og ønskjer ny avkjørsle frå Rossnesvegen 101 inn på vegen til nabo på Rossnesvegen 103, og så ut i avkjørsle til Fv 409. Statens vegvesen viser til at den gamle avkjørsle bør stengast og avkjørsle via veg til nabo bør nyttast permanent. Avkjørsle her må oppfylle dei krava som gjeld for avkjørsler til Fv 409. I ettertid opnar Statens vegvesen for at dei krava som dei set for å godkjenne utvida bruk av avkjørsle til Fv 409 frå veg til nabo er tilfredsstillande slik den no framstår.

Fylkesrådmannen ser at det i denne saka ligg føre privatrettslege tilhøve til hyttenabo og nabo i Rossnesvegen 103 som kan gjere det vanskeleg for Hellesund å få til ei permanent avkjørsle via naboveg og ut i godkjent avkjørsle til Fv 409. Men etter fylkesrådmannen sitt syn vedkjem ikkje slike omsyn når det gjeld den aktuelle saka om utvida bruk av avkjørsle.

Fylkesrådmannen er klar på at bruken av den gamle avkjørsle ikkje oppfyller dei krav som må settast til ei trafikksikker avkjørsle. Fylkesrådmannen tilrår klagenemnda å avslå søknaden frå Tor Erik Hellesund om utvida bruk av den gamle avkjørsle.

Forslag til vedtak

1. Klagenemnda avslår klagen frå Tor Erik Hellesund om endra bruk av avkjørsle, ved hp 50 km 1,036, frå Rossnesvegen 101 til Fv 409 på gnr. 22 bnr. 9 i Rødøy kommune. Klagenemnda tilrår Tor Erik Hellesund til permanent å knyte seg på naboveg som har godkjent avkjørsle til Fv 409 ved hp 50 km 1,037.
2. Klagenemnda pålegg Tor Erik Hellesund å stenge den gamle avkjørsle frå Rossnesvegen 101 ved hp 50 km 1,036 til Fv 409 av omsyn til trafikktryggleiken sjølv om det ligg føre skjøte på parkeringsplass på nordaustsida av huset.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.03.2014

I brev av 17.10.2013 sender Statens vegvesen over klage på avslag / stenging av avkjørsel frå Rossnesvegen 101 til Fv 409 i Radøy kommune.

Bakgrunn for saka

Denne saka er svært samansett og er prega av at klagar, Tor Erik Hellesund, har hatt mange innspel i denne saka, og at forhold som vedkjem saka har vore handsama i Forlikrådet.

Tilhøvet mellom retten til parkering for hyttenabo vart tatt opp til handsaming i Tingretten 17. januar 2014. Domsavgjerd ligg enno ikkje føre, men vil bli lagt fram for klagenemnda i møtet 4. februar om avgjerda då er klar.

Hellesund søker 20.05.12 (vedlegg 1) om avkjørsel for parkeringsplass til hytteeigar på nedsida (vestsida) av Fv 409, altså på motsett side av Rossnesvegen 101. Nærare lokalisering er vist med X på flyfoto. Statens vegvesen godkjenner søknaden i brev av 28.06.12 (vedlegg 2). Dette under føresetnad av at avkjørsla oppfyller visse kriterier.

I e-post av 24.08.12 til Statens vegvesen søker Hellesund om mellombels omlegging / stenging av avkjørsel frå Rossnesvegen 101 (vedlegg 3). Av vedlagte kart går det fram at han ønskjer å stenge avkjørselen som går rett ut i Fv 409 og ønskjer ny avkjørsle frå Rossnesvegen 101 inn på sideveg til Fv 409, vegen til nabo på Rossnesvegen 103, og så ut i avkjørsle til Fv 409. Statens vegvesen svarar Hellesund i brev av 08.10.12 (vedlegg 4) at avkjørsla som går via naboveg skal nyttast permanent, og at eksisterande avkjørsle vert stengt.

I vedlegg 5 (brev av 18.01.13) framgår det at han ligg i tvistemål med naboen om bruken av vegen, at huset som han søker om avkjørsle til er eit ubebudd hus som han vil renovere og at han no bur i Rossnesvegen 100.

I brev frå Statens vegvesen av 04.02.13 (vedlegg 6), som svar på brevet frå Hellesund av 18.01.13 gjentar Statens vegvesen krav / svar i tidlegare brev; Den gamle avkjørsla bør stengast, Statens vegvesen kan ikkje gje løyve til mellombels bruk av denne avkjørsla, avkjørsle via veg til nabo bør nyttast permanent.

I brev av 20.06.13 frå Hellesund (vedlegg 7) til Statens vegvesen med søknad om utvida bruk av den gamle avkjørsla viser han på nytt til at forlikrådet har gitt hyttenabo rett til å parkere ved Rossnesvegen 101, og at denne parkeringsplassen ligg nordaust for huset, som betyr at hyttenabo må benytte den gamle avkjørsla rett ut i Fv 409 for å nytte parkeringsplassen. Hellesund problematiserer i brevet at det her ligg føre ei domsavgjerd som kolliderer med det offenkjente (dvs krav om stenging av avkjørsla). For betre å forstå situasjonen med ulike avkjørslar, plassering av huset og parkering, vert det vist til vedlagte bilete og kart.

Statens vegvesen gir i brev av 08.07.13 (vedlegg 8) førehandstilsegn om bruk av avkjørsle til Fv 409 via veg til nabo i Rossnesvegen 103 under føresetnad av at avkjørsla oppfyller dei krav som gjeld for Fv 409. I ettertid opnar Statens vegvesen for at dei krava som dei set for å godkjenne utvida bruk av avkjørsla til Fv 409 frå veg til nabo er tilfredsstillande slik den no framstår.

I perioden 08.07.13 til 13.09.13 (vedlegg 9) ligg det føre e-postutvekslingar mellom Hellesund og Statens vegvesen der Hellesund argumenterer for å få utvida bruken av den gamle avkjørsla, og viser m.a. til at det er tre partar som ikkje er samde; Hellesund, hytteeigar (parkeringsplass) og nabo i Rossnesvegen 103. Hellesund klagar på avgjerda til Statens vegvesen i brev (e-post) av 29.07.13 (vedlegg 10) og viser til fleire tilhøve som gjer det vanskeleg for han å oppfylle krava frå Statens vegvesen.

Merknader frå fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen er klar på at bruken av den gamle avkjørsle ikkje oppfyller dei krav som må settast til ei trafikksikker avkjørsle. Denne gamle avkjørsle ligg om lag ein meter frå ei avkjørsle til Fv 409 som Statens vegvesen opnar for utvida bruk av. Eg vil difor tilrå klagenemnda å avslå søknaden frå Tor Erik Hellesund om utvida bruk av den gamle avkjørsle.